

Debatt

debatt@dn.no



Det finst per i dag inga offisiell liste over skatteparadis som alle land er samde om. Den britiske finansministeren George Osborne (til høyre) føreslo førre fredag på IMF-møtet i Washington ein felles innsats for konsensus om ei internasjonal svarteliste over skatteparadis som det kan rettast internasjonale sanksjonar mot, skriver artikkelforfatteren. Her med den italias finansministeren Pier Carlo Padoa i forrige uke. Foto: Jose Luis Magana/AP/NTB Scanpix

“

Verda taper enda meir på det som framleis er definert som lovleg skattetilpassing og bruk av skatteparadis, nemlig multinasjonale selskaps overskotsflytting. OECD bereknar at verdas land årleg går glipp av 2000 milliardar kroner i skatteinntekter som følge av dette.

Eit halvt oljefond - årleg

Den utstrakte bruken av skatteparadis gjer at verdas land årleg går glipp av minst 3600 milliardar kroner i skatteinntekter.

I ei verd der den finansielle kapitalen kan krysser landegrenser med eit tastetrykk utgjer verdas rundt 50 skatteparadis ei større politisk utfordring enn nokon gong. Dei siste vekenes Panama-avsloringar har ført til stor debatt og, fram til nå, til ministarars avgang i to land.

Det finst per i dag inga offisiell liste over skatteparadis som alle land er samde om. Den britiske finansministeren George Osborne føreslo førre fredag på IMF-møtet i Washington ein felles innsats for konsensus om ei internasjonal svarteliste over skatteparadis som det kan rettast internasjonale sanksjonar mot.

Men kva er eigentleg eit skatteparadis, og kor mykje pengar er skjult der?

Eit skatteparadis tilbyr hemmelighald av finansielle opplysningar, noko som gjer dei attraktive for personar som ønsker å skjule formuer for å unndra skatt. Banksekretesse og anonymt eigde postkasseselskap gjer det mogleg å gjøyme formuer i skatteparadis med (fram til nå) liten risiko for å bli oppdaga.

Skatteparadis har også låg eller ingen skatt. Multinasjonale selskap flyttar overskot til skatteparadis ved hjelp av innfløkt selskapsstruktur og

**Kronikk
Annette Alstadsæter
Niels Johannessen**

“

Panamaavsloringene

- Tidligere innlegg:**
- 6. april: **Guttorm Schjelderup**: «Tid for tiltak»
- 7. april: **Gunnar S. Eskeland**: «Politisk ansvar for skattehjelpen»
- 8. april: **Margrethe Vestager**: «Ingen liker en gratisspassasjer»
- 9. april: **Tove R. Wang, Anne-Marie Helland**: «Skatteparadis tar liv»
- 12. april: **Ole Nafstad, Kjell Roland**: «Stein i glasshus»
- 13. april: **Erik Solheim**: «Tidenes lissepasning»
- 16. april: **Kalle Moene**: «Lyssky gjester på solfylte øyer»
- 22. april: **Ole Nafstad, Kjell Roland**, «Forvirring om Skatteparadis»

utnytting av inkonsistente regelverk mellom land.

Eit tredje kjenneteikn ved skatteparadis er svak regulering. Dette er særleg tiltalande for bankar og forsikringsselskap, som ved å flytte aktivitetar til skatteparadis kan omgå heimlandets finansielle regulering, som til dømes eigenkapitalkrav.

Det er likevel ikkje bare-bare å etablere seg som eit skatteparadis for land som skulle ønske det. Eit fjerde kjenneteikn ved skatteparadisa er politisk stabilitet, som er ein føresetnad for at utlendingar skal tørre å plassere sine pengar i landet. Enkelte skatteparadis, som til dømes Panama, kan likevel fungere trass i ustabilitet, fordi dei hovudsaklig tilbyr kapitaleigarane mulighet til å skjule faktisk eigarskap til bankinnskot i stabile tredjeland. Pengane er ikkje plasserte i Panama.

Det er ikkje i seg sjølv ulovlig å ha konto i eit skatteparadis. Det er hemmelighald som moglegger både skatteunndraging og anna kriminalitet via skatteparadis. Vår kollega Gabriel Zucman bereknar i boka «The Hidden Wealth of Nations» at 48.000 milliardar kroner er skjult i skatteparadis, noko som anslagsvis gjev eit globalt tap i skatteinntekter på minst 1600 milliardar kroner i året.

Verda taper enda meir på det

som framleis er definert som lovleg skattetilpassing og bruk av skatteparadis, nemlig multinasjonale selskaps overskotsflytting. OECD bereknar at verdas land årleg går glipp av 2000 milliardar kroner i skatteinntekter som følge av dette.



Annette Alstadsæter
ved Handelshøyskolen
NMBU



Niels Johannessen
København Universitet

Den store merksemda rundt Panama-avsloringane har tilsynelatande ført til auka vilje til internasjonal samarbeid i kampen mot skatteparadis. Kva verkemiddel har ein så allereie?

Fra 2008 auka talet på bilaterale avtalar om informasjonsutveksling kraftig. Problemet her har vore at for å få informasjon om nordmenns kontoar i Sveits, må Skatteetaten både ha dokumentarbar mistanke om unndraging og eksakt kontoinformasjon, noko som har ført til få avdekka saker.

Forsking viser at dette ikkje førte til mindre bruk av skatteparadis; pengane ser heller ut til å ha blitt flytta til skatteparadis som heimlandet ikkje har avtale med. I tillegg er stadig meir av sveitsiske

bankinnskot eigde av skalselskap registerert i andre land, slik at faktisk eigarskap er skjult.

I 2014 vart ein samde om ein multilateral konvensjon som sikrar automatisk bankinformasjonsutveksling med nærmare 100 land frå 2017/2018, inkludert mange viktige skatteparadis. Dette er eit stort framskrift, då rapporteringa skal skje automatisk og ikkje kun etter førespurnad.

I prinsippet skal ein heller ikkje kunne omgå dette ved å eige kontoen i Sveits via eit postkasseselskap i Panama, fordi bankane er pålagde å ha opplysningar om eit selskaps eigarar før selskapet kan opne ein bankkonto.

Er alle problem nå løyste?

Vel, nei. Utfordringar står i kø, som årleg implementering av enkeltbankar eller land. Og skatteadministrasjonane vil også måtte bruke store ressursar på å kunne nyteggja seg all den nye informasjonen dei får tilsendt, i ei tid då mange skatteadministrasjonar får budsjettkutt.

I tillegg er det nødvendig med politisk vilje - og evne - til samarbeid og regelverksendringar dersom det skal vere mogleg å redusere multinasjonale selskaps overskuddsflytting.

Annette Alstadsæter, Handelshøyskolen NMBU, og **Niels Johannessen**, København Universitet

Gjestekommentar
- samfunnAnette
AlstadsæterGøril
BjerkanRoger
BjørnstadØystein
DørumSteinar
JuelKari Elisabeth
Kaski

Superrike skattesnytarar

Nær 12 prosent av dei rikaste norske hushalda har sjølv meldt frå om at dei har snytt på skatten, og så startar dei å betale meir skatt.

Skatteunndraging påverkar alle, om det så er via skatten vi betaler og dei offentlege tenestene vi mottar, eller meir indirekte via fotballresultata. Fotballfans kan anten juble eller fortvile, avhengig av favorittlag, etter at Ronaldo trua med klubbskifte fordi han blei skulda for skatteunndraging i Spania.

Medieoppslag viser at skatteunndraging ser ut til å vera ganske så utbreidd blant dei rike i fotballverda, både blant spelarar, trenrarar og agentar.

Ut frå det skattemyndigetene har oppdagd av skatteunndraging gjennom tilfeldige kontrollar, har ein pleidd seie at det er folk flest som unndrar skatt, til dømes gjennom svart arbeid, medan dei rike bruker lovleg skatteplanlegging for å redusere skattan sin.

Ein ny studie viser at når ein inkluderer ein av dei tinga som skattemyndighetene ikkje kan observere i kontrollane sine, nemlig skjulte formuer i utlandet, så er det er dei aller rikaste som unndrar mest skatt. I 2006 unndrog dei nærmare 1100 rikaste hushalda i Skandinavia 30 prosent av den skatten dei skulle ha betalt, mot gjennomsnittleg tre prosent i befolkninga.

Dersom skatteunndraging blir oppdagd, må skattyaren betale både den skatten han skulle ha betalt for optil ti år tilbake, pluss tilleggsskatt. Men dersom han på eige initiativ melder frivillig retting, kan han slepe å betale tilleggsskatten.

Frivillig retting er ei ordning som har eksistert i mange år, men som ikkje var særlig i bruk før 2007. Då vart det auka fokus både på skjulte utanlandsformuer og frivillig retting. Advokatar reklamerer nå for at dei kan hjelpe til med frivillig retting.

Men ordninga gjeld ikkje viss ein melder frivillig retting på grunn av konkret mistanke om komande kontroll. Til dømes vil brevet som DNB Luxembourg sende til kundane sine som advarsel i forkant av Panamaavsløringane, kunne diskvalifisere frå å bruke frivillig retting.

Skatteetaten opplyser at rundt 2000 nordmenn har meldt frivillig retting dei siste ti åra. Kven er det som sjølv melder at dei har unndrege skatt?

Den nye forskinga på anonym-



Fotballfans kan anten juble eller fortvile, avhengig av favorittlag, etter at Ronaldo trua med klubbskifte fordi han blei skulda for skatteunndraging i Spania. Foto: Darren Staples/Reuters/NTB scanpix

**Samfunn
Annette
Alstadsæter**



miserte data bekreftar alle fordommar ein måtte ha om at det er rike, eldre menn som gøymer pengar i utlandet. Samanlikna med gjennomsnittet i befolkninga er denne gruppa eldre, i større grad menn, i større grad gift, og har i større grad utanlandsbakgrunn, anten ved at dei er utanlandske statsborgarar eller er føydde i utlandet. Men framfor alt er dei rike. Folk frå alle samfunnslag

melder frivillig retting, men stort sett er andelen nesten null. Bortsett frå når ein ser på dei aller rikaste. Ein stadig større andel melder sjølv om skatteunndraging di rikare hushalda er. Nærare 12 prosent av dei vel 270 rikaste norske hushalda i 2006 har dei seinare åra meldt frivillig retting.

Dei ferdigbehandla sakene har totalt skaffa 1,5 milliardar kroner i tilbakebetalt skatt til statskassa.

Men kva skjer etterpå? Er det slik at dei som har meldt frivillig retting fortset å betale skatt på den formuen som dei har ført heim, eller startar dei med kreativ skatteplanlegging for å redusere skattan sin?

Det første ser ut til å vere tilfelle. Etter å ha ført skjulte utanlandsformuer heim til Norge melder dei som har brukt frivillig retting om varig høgare formue og betaler meir i skatt enn dei gjorde før.

Så det kan virke som om frivillig retting er ei god ordning som gjer det mogleg for skattesnytarar å rette opp i gamle synder og føre skjulte formuer heim, samtidig som dette fører til varig auke i statens skatteinntekter.

Den auka bruken av frivillig retting heng også saman med

Forskingen

Hvem: Annette Alstadsæter (NMBU), Niels Johannessen (Københavns Universitet) og Gabriel Zucman (UC Berkeley)

Hva: Tax evasion and inequality

Hvor: <http://www.nielsjohannessen.net/wp-content/uploads/AJJ2017.pdf>

med å skjule formuer i utlandet, nå med stor iver skal jobbe på lag med skattemyndigheten.

Denne verksemda vil ikkje ta slutt før dei som legg til rette for hemmeleghald og skatteunndraging - bankar, advokatar og rådgjevarar - opplever ein reell risiko for å bli straffa for å utføre slike tenester.

Annette Alstadsæter, professor i skatteøkonomi ved Handelshøyskolen ved NMBU

Mer debatt s. 24-25 →



Menneskerettigheter er ikke et maktmiddel for de lukkede rom

Direktør Petter Wille, seniorrådgiver **Kristian Reinert Haugland Nilsen**, Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter

Gjestekommentar
- samfunnAnnette
AlstadsæterGøril
BjerkanRoger
BjørnstadØystein
DørumSteinar
JuelKari Elisabeth
Kaski

Tre triks mot skattetriksing

Norge bør avgrense skattefrådrag for royalty, endre offentleg anbudspraksis og kreve åpenhet om eigarskap og skatteforhold.

Til nå har ikkje dei internasjonale organa hatt særlig suksess med å harmonisere nasjonale skattereglar og demme opp for overskuddsflytting mellom land. Dette er lange prosessar mot minste felles multiplum, og i mellomtida renner skatteinntektene ut av landet.

Medan vi ventar på effektive internasjonale løysingar bør vi bruke det handlingsrommet vi har nasjonalt til å motverke skattekflukt og sikre like konkurransevilkår for reint nasjonale og internasjonale selskap.

Paradise Papers blottstiller detaljane i multinasjonale selskaps utnytting av inkonsistente regelverk mellom land for lovleg å kunne flytte skattbart overskudd til skatteparadis.

Men det er ikkje bare å samanlikne formelle selskaps-skattesatsar for å definere eit land som skatteparadis. Ofte har land låg skatt for spesielle typer inntekter, som Norges rediskatteordning og mange EU-lands patentboksr. I tillegg har til dømes LuxLeaks vist at land kan gi hemmelege spesialavtalar som gir låg eller tilnærma ingen skatt på selskapsoverskudd til enkeltelskap, sjølv om det utad framstår som om selskapa blir skattlagt etter ordinære skattereglar.

Ny forsking av Tørløv, Wier og Zucman anslår at verdas land årleg misser nær 2000 milliardar kroner i selskapsskattesatser som følge av multinasjonale selskaps overskuddsflytting.

EU-land misser tilsvarende 20 prosent av totale selskapsskattesatser til skatteparadis, og majoriteten av disse skatteinntektene blir faktisk flytta til skatteparadis internt i EU, som Nederland, Irland, og Luxembourg. Tyskland taper absolutt mest, med over 30 prosent, og våre nordiske naboland ligg alle mellom 10 prosent og 15 prosent.

Ein mykje brukt måte å flytte skattbart overskudd til skatteparadis på er ved bruk av royaltybetalingar mellom nærtståande selskap, som er betalingar for bruk av immaterielle rettar. Det er svært krevande å kontrollere om pris for slike rettar er satt innanfor et armelengdes intervall, altså som om transaksjonen skjedde mellem uavhengige



Faktisk skattebetaling bør vere eit vektlagt element i ein anbudspraksis, og i oppfølginga etterpå, slik at selskap som faktisk etterlever regelverket har mulighet til å vinne anbud, skriver forfatteren.

Foto: Øyvind Elvsborg

Samfunn
Annette
Alstadsæter



partar, fordi det ofte ikkje finst samanliknbare priser.

Tyskland innførte 1.januar dette året avgrensingar i skattefrådrag for royaltybetalingar. Det bør Norge også gjøre. I tillegg bør ein utvide

royalty-begrepet til å også inkludere leigebetalingar for bruk av visse fysiske driftsmidler, slik også Scheel-utvalget foreslo. Scheel-utvalget viste til at Storbritannia har innført avgrensing av skattefrådrag for offshore bareboat-leige.

Enorme summar blir kvart år brukt i offentleg sektor på innkjøp av tenester frå privat sektor. I anbudspraksisane er det fokus på pris, og ved bruk av kompliserte selskapsstrukturar og lovlege og ulovlege tilpassingar kan selskap vinne kontraktar på låg pris og eigarane sitte igjen med reelt overskudd, sjølv om det formelt sett ikkje er noko skattbart overskudd i Norge.

Faktisk skattebetaling bør vere eit vektlagt element i ein anbudspraksis, og i oppfølginga etterpå, slik at selskap som faktisk etterlever regelverket har mulighet til å vinne anbud.

Det er viktig med åpenhet om faktisk skattebetaling i selskap som leverer tenester til offentleg

sektor for at folk skal kunne sjekke at deira skattekrone ikkje havnar i skatteparadis.

Det kan vere mange grunner til å sette opp kompliserte selskapstrukturar, men dei legg til rette for både lovleg og ulovleg skatteplanlegging og gjer det vanskelig for skattemyndighetene å følge pengestraumar og kontrollere at prisar i handel mellom nærtståande selskap ikkje blir brukte til overskuddsflytting.

Ifølge den nylig publiserte Financial Secrecy Index til Tax Justice Network er Norge därlegast på finansiell åpenhet i Norden. Vi må kreve at selskapa rapporterer faktiske eigarar og skattebetaling.

Strengare rapporteringskrav og spesialreglar for å motverke skattekflukt vil gi selskapa auka administrative kostnader for å etterleve regelverket. Men sidan slike reglar forhåpentlig vil redusere muligheten til overskuddsflytting, vil dei også legge til rette for likare konkurransevilkår mellom nasjonale og



Tyskland innførte 1.januar dette året avgrensingar i skattefrådrag for royaltybetalingar. Det bør Norge også gjøre

Tidligere innlegg om «Google-skatt»

Særnorsk «Google-skatt» helt unyttig. Roger Schjerva, IKT-Norge (DN 10. februar) Norge neppe tjent med «Google-skatt». Lars Petter Haugen (DN 12. februar) Må ha vår andel fra gigantene. Ida Søraunet Wangberg, Manifest (DN 14. februar)

fleirnasjonale selskap. Dette kjem majoriteten av selskapa til gode, dei som faktisk etterlever regelverket etter beste evne og ikkje deltar i kreativ skattetriksing.

Annette Alstadsæter, professor i skatteøkonomi ved Handelshøyskolen, NMBU, leiar av Senter for skatte- og adferdsforskning

Mer debatt s. 26-27 →



Vi kan ikke akseptere at Norges mektigste olje-politiker vil sette demokratiske spilleregler til side

Truls Gulowsen, leder i Greenpeace Norge, og **Gaute Eiterjord**, leder i Natur og Ungdom

Trump på skattejakt

Nyleg la Trump-administrasjonen fram ein plan for skattereform som både vil kunne løyse problem og samtidig skape nye.

Det pågår ein skattekonkurranse mellom verdas land. Storbritannia diskuterer å redusere selskapsskattesatsen drastisk som eit ledd i brexit-prosessen, og Trump-administrasjonen vil redusere selskaps-skatten frå 35 prosent til 15 prosent. Mykje av grunnen til dette er overskuddsflytting.

I ein prisvinnande artikkel sette Reuters i 2012 auka økelys på flytting av overskudd i multinasjonale selskap. Reuters viste at sjølv om Starbucks år etter år rapporterte store underskudd til skattemyndighetene i Storbritannia, så rapporterte dei høg lønnsomhet til investorane i same perioden. Korleis er dette mogleg?

Skattebasen for selskaps-skatten er inntekter minus kostnader. I prinsippet er både inntekter og kostnader gitt av marknadsprisar. Men i multinasjonale selskap kan både inntekter og kostnader justerast slik at skattbart overskudd i høgskatteland blir redusert. Selskapet sparer skatt, medan land som Norge mister skatteinntekter.

Dette er også konkurranse-vridande, sidan multinasjonale selskapa betaler mindre skatt enn dei nasjonale og kan vinne marknadsandelar gjennom lågare priser.

Ein metode multinasjonale selskap kan flytte overskudd på er via såkalla immaterielle eige-delar, til dømes ved at alle selskapa i konsernet betaler for retten til å bruke konsernets varemerke. Desse betalingane går då ofte til eit lågskatteland, medan sjølve betalingane gjev skattefradrag i høgskatteland. Då vil konsernet totalt spare skatt.

Ein annan metode er at konsern finansierer datterselskap i høgskatteland med lån i staden for eigenkapital, noko som gjev skattefradrag for alle rentekostnadene som betalast ut av landet.

Armlengdeprinsippet seier at varer og tenester som handlast mellom selskap i same konsern skal prisast til marknadsverdi. Det er i praksis



Majoriteten av pass-through selskapsinntekt går allereie til dei rikaste i USA, og det er også dei som då vil nyte godt av dette skattekuttet. Avisa The Guardian melder at Trump sjølv kan spare 500 millionar kroner i året på dette skatforslaget. Her er president Donald Trump med kona Melania. Foto: Susan Walsh/AP/NTB Scanpix

**Samfunn
Annette
Alstadsæter**



ofta vanskelig både å sette og kontrollere denne prisen. Kva er til dømes marknadsprisen på retten til å bruke merkenamnet Starbucks?

Eit grunnleggande problem er kvar inntektene til multinasjonale selskap skal skattleggast. Dei fleste land bruker kjelde-prinsippet, dvs. at inntekta skal skattleggast der den er generert.

Eit unntak er USA, som krev at alle inntekter som amerikanske selskap tener i heile verden skal skattleggast i USA, men først når inntektene tas heim. Det er frådrag for utanlandsk skatt, men sidan store delar av utanlandske overskudd blir genererte i skatteparadis, er det ofte nær 35 prosent skatt på å ta pengar tilbake til USA. Sjølv sagt skaper dette store tilpassingar.

Amerikanske selskap held nå anslagsvis 17.000 milliardar kroner i utlandet. Selskap som Apple har enorme pengebingar i utlandet, men låner likevel pengar for å kunne betale utbytte til amerikanske aksjonærar medan dei ventar på skatteamesti. Førre amnesti var i 2004, då selskapa berre betalte 5,25 prosent skatt på utanlandske overskudd som blei ført tilbake til USA.

Trump-administrasjonen la i slutten av april fram ei kort skisse til skattereform. I tillegg til å senke selskapsskatten med 20 prosentpoeng er planen å gå over til kjeldeprinsippet for selskapsbeskatning. Dette vil kunne redusere incentiva til overskuddsflytting. Det er også annonsert eit nytt amnesti for å få amerikanske selskap til å ta sine utanlandske overskudd tilbake til USA mot at dei då

betaler ein eingongsskatt.

Men forslaget vil kunne skape nye problem. Reduksjonen i selskapsskatten til 15 prosent skal gjelde alle selskap, noko som då sannsynligvis inkluderer såkalla pass-through selskap. Dese selskapa blir ikkje skattlagde på selskapsnivå, men inntekta blir ført rett til eigaren og skattlagd med opptil 39,6 prosent.

Forslaget vil kunne innebere 25 prosentpoeng redusert skatt og gje desse eigarane ei stor skattelette. Samtidig vil det auke incentiva til slik skatteplanlegging og dermed kunne ha store negative effektar på USAs skatteinntekter.

Majoriteten av pass-through selskapsinntekt går allereie til dei rikaste i USA, og det er også dei som då vil nyte godt av dette skattekuttet. Avisa The Guardian melder at Trump sjølv kan spare 500 millionar kroner i året på dette skatforslaget.

Motivasjonen for redusert selskapsskatt er at dette skal føre til auka investeringar og skape nye arbeidsplassar i USA. Det er få kjente detaljar om sjølve utforminga av skattereformen, og det er ikkje skildra korleis dei store skattekutta skal finansi-erast.

Det som er sikkert, er at dette

“

Forslaget vil kunne innebere 25 prosentpoeng redusert skatt og gje desse eigarane ei stor skattelette. Samtidig vil det auke incentiva til slik skatteplanlegging

forslaget vil kome dei rikaste til gode, og det i ei tid med allereie stigande ulikhet i USA.

Annette Alstadsæter, professor i skatteøkonomi ved Handelshøyskolen ved NMBU

Mer debatt s. 30-31 →

“

... kvar og ein av oss står i fare for å gå glipp av velferdstenester eller skattelette på i underkant av 400 kroner i året, om Ap skulle vinne fram med kompromisset for LovSe-området

Klaus Mohn, professor, Handelshøyskolen ved Universitetet i Stavanger

Gjestekommentar
- Samfunn



Annette
Alstadsæter



Gøril
Bjerkan



Roger
Bjørnstad



Øystein
Dørum



Steinar
Juel



Kari Elisabeth
Kaski